

Årsmøte 2015 Nordhordland skiklubb

Nordhordlanshallen 01. Februar 2016 kl. 19.00

Sak 1: Innkalling og sakliste

Godkjent

Sak2: Val av møteleiar og referent

Møteleiar: Atle Austrheim

Referat: Vidar Aasgård/Rune Minde

Protokoll: Ludvig Kvamme – Turid Åsebø Angelskår

Sak 3: Årsmelding

Atle Austrheim delte ut og las opp årsmeldinga. Godkjent

Sak4: Rekneskap

Rekneskapen 2015 utdelt og gjennomgått. Revidert av Vidar Aasgård og Claus Sellevoll.

Pr. 31.12. 2015 hadde klubben kr. 285.358,- på konto.

Rekneskapen godkjent

Sak 5: Medlemskontingent

Vedtatt kr. 100,-

Sak 6: Budsjett 2016

Budsjett 2016 utdelt, gjennomgått og vedtatt slik det låg føre.

Sak 7: Ny lovform for idrettslag, NIF

Atle Austrheim orienterte om ei ny lovform som NIF har utforma for å forenkla drifta av idrettslag. Årsmøtet vedtok å fylgja dei nye retningslinjene frå NIF.

Sak 8: Val

Valgkomité: Trond Austrheim. Han orienterte om arbeidet i valgkomitéen. Atle Austrheim og Vidar Aasgård tok ikkje attval. Ola Johannes Jordal har flytta utanlands og er dermed ute av styret (hadde eitt år att). Forslaget frå valgkomitéen til nytt styre var då slik:

1. Formann: Tormod Vågenes (ny). Vald for 1 år.
2. Nestformann: Ståle Leiren (ny) Vald for 2 år.
3. Sekretær: Rune Minde (vald for 2 år i 2014).
4. Styremedlem: Marianne Øvretveit (ny) Vald for 2 år.

5. Styremedlem: Kenneth Alvær (attval). Vald for 2 år.
6. Styremedlem: Johnny Totlandsdal. (Attval). Vald for 2 år.
7. Styremedlem: Turid Åsebø Angelskår (Ny) Vald for 1 år.

Alle blei vald med akklamasjon.

Styre vel revisor

Sak 9: Reforhandling av sponsoravtalar

Tormod sjekkar om klubben kan gjera avtale med Platou som sportsleverandør. Alternativt kan ein gå saman med Osterøy og knyta oss til Mo sport. Det nye styre fylgjer opp saka.

Orienteringar

NM 5. Mars.

- Rennleiar: Tormod og Kennet. Overlapping av delegeringsliste frå Atle/Claus.
- Trasé: Det blir vurdert å ha ein trasé for breidden av vaksne der ein prøver å unngå heile den bratte bakken. Eigen trimklasse t.d.

Knarvik X-trem (Samarbeidsarrangement med KnarvikMila):

- Litt arbeid med traséen ved Isdalgardane må gjerast pga. av grunneigaravtalar (unngå innmark). Det nye styret fylgjer opp i samarbeid med KnarvikMila.
- Atle Austrheim tar ansvar for tilrettelegging frå skiklubben si side i samarbeid med Claus Sellevoll og Vidar Aasgård.
- Ein gjer avtale om merking med orienteringsgruppa i Knarvik Idrettslag.

Tekst/foto og publisering av rennresultat på nettsider og til lokalavisene.

- Viktig å prøva å halda oppe praksisen med å parallelt skriva på heimesida for kvart renn og senda til lokalavisene, helst med bilete.

Organisasjonsform:

- Nordhordland Skiklubb blei stifta i 1989. I 2012 skjedde ei omstrukturering. Etter nokre rundar, både lokalt og på regionplan enda ein opp med at Nordhordland Skiklubb skulle halda fram som eige idrettslag, innmeldt i NIF og samarbeida med lokale idrettslag i Nordhordland for å fremja skiidrett og skiglede.

Rune Minde

Frekhaug 11. feb. 2016

Ludvig Kvamme

Turid Åsebø Angelskår